



Pølsegrillinga i full gang: Frå venstre Amalie Haugland (3. klasse), Marius Myklebust (3. klasse), Johannes Haugland (3. klasse) og Kjartan Elias Tungesvik (3. klasse). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fredag var det uvanleg stille og fredeleg på Uskedalen Oppvekstsenter. Forklaringa var den enkle at alle elevane og femåringane i barnehagen hadde utferd til Fjellandsbø. Der opplevde dei ein draumedag i det fantastiske haustveret.



Det er ei framifrå skulestova innunder Fjellandsbø! (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Skulen og barnehagen i bygda skal ha ros for at dei er så flinke til å bruka naturen i det pedagogiske opplegget sitt, seier fleire foreldrepar til uskedalen.no.

Fjellandsbø og Fjellandsbøvatnet er eit naturleg mål til alle årstider. Sist vinter nytta skulen såleis høvet til å prøva den fine skeiseisen på vatnet. Andre mål under fellesturane har vore Mannsvatnet, Storhaug og Blådalen.

"Basen" for denne spesielle skuledagen var ved brua innunder Fjellandsbøgardane. Grunneigaren hadde sagt ja til vitjinga og fekk godord for det. Alle kosa seg ved den idylliske bekken og nokon nytta jamvel høvet til eit haustleg bad!

Frå Fjellandsbø er det ein frisk marsj opp til Leiteshaugane og den turen tok nesten alle elevane. Så var dei med og samla stein til grua. Pølsegrilling på to bål og ei fin samlingsstund for alle var dei neste postane på programmet.

Det var og eit musikalsk innslag, Victoria Andersen Eik (4. klasse) spela på blokkfløyte. Men det var ikkje planlagt, ho hadde berre gløymd å ta fløyta ut av sekken etter siste øving!

Av Ola Matti Mathisen



Victoria Andersen Eik (4. klasse) hadde det musikalske innslaget. Her spelar ho for klassekamerat Hermund Lomheim Døssland. (Foto: Ola Matti Mathisen).